

Årsmelding for Midtre Naustdal storvald.

Naustdal 17.03.14

Drifta av storvaldet er som det har vore tidlegare år. Arbeidet i styret er etterkvart godt innarbeidd rutinemessig og vi har difor berre hatt eit fysisk styremøte etter forige årsmøte. Elles har saker vore drøfta via telefon og telefonmøte.

Vi meiner vi har god dialog med kommunen og vi har også delteke på møte mellom kommunen og dei andre storvalda. Vi jobbar elles oppimot dei andre storvalda om å samarbeide om felles nettsider for å verte meir samkøyrd og få ned kostnadane med desse sidene. Det er ikkje formalisert eit slikt samarbeid endå.

Samarbeidet med dei enkelte jaktfelta er også tilfredstillande. Rapporteringa skotne dyr og slaktevekt kjem inn i tide. Det er verre med sett hjort, vi har ei kjensle av at ikkje alle som jaktar fyller ut desse skjema og leverer dei inn til jaktfelteleiar. Styret oppfordrar til flittigare rapportering her.

Jakta 2013 seier 119 felte dyr totalt og gjer ein fellingsprosent på 81,5% av tildelt kvote. Fordelt på ulike grupper dyr gjer dette 23,4% kalvar, 49,6 unge vaksne og 28,6% eldre vaksne dyr.

Fordelinga mellom dei ulike aldersgruppene er etter styret si meining tilfredstillande.

Sjå elles skjema for fellingsrapport 2013 på Naustdalshjort.org

Vårteljinga vart gjennomført på same datoar som tidlegare år. Teljingane viser ikkje noko nedgang i tal telte dyr samanlikna med tidlegare.

Økonomi:

Styret har brukt litt pengar på oppgradering av nettsider og byte av leverandør. Vi har elles ikkje delteke på noko samlingar /møter utanfor kommunen som har kosta pengar. Dette kan vere ynskjeleg å bruke midlar på i framtida, for å tilføre styret fagleg påfyll.

Storvaldet får tildelt noko midlar av kommunen frå innbetalt fellingsavgifter. I år utgjer dette kroner 4758,-